



Nils Ove Hauge  
Storneset 20  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/17806

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
05.06.2019

## Anmodning om klypp av hekk og anna vegetasjon langs kommunal veg - Gbnr 195/189 - Storneset

Lindås kommune planlegger å asfaltere vegen inn i Storneset innan kort tid. I samband med planlegging av arbeid har vi registrert at det ved Dykkar eigdom veks vegetasjon i siktsona til avkjørsle frå communal veg og i regulert siktzone til kommunalt vegkryss. Vegetasjonen utgjer ei risikofare for trafikken i og langs communal veg.

Lindås kommune anmoder om at De som grunneigar utfører klypp/fjerning av vegetasjon som tek sikt, som er til hinder for trafikantar og som hindrar drift og vedlikehald av communal veg. Kommunen kan, i enkeltvedtak, pålegge den einskilde grunneigar om å utføre klyppe, beskjære eller flytting vegetasjon som skaper hindringar som nemnt over. I enkeltvedtaket vert det sett ei frist for utføring av arbeid. Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, kan kommunen få utført arbeidet. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr som gjev eit svært grovt resultat. Avfall vert ikkje fjerna av kommunen, men vil verte lagt inn på eigedommen. For å oppnå best resultat av klypp/fjerning av vegetasjon anbefaler vi at De utfører arbeidet sjølv.

Infomasjon om trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside:

<https://www.lindas.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/hekk-og-trafikktryggleik/>

Vi gjer merksam på at i tilfeller der vegetasjonen utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen utførre arbeid utan ytterligare varsel.

### Krav til frisikt i vegkrysset:

Krav til frisikt i offentlege vegkryss og i privat avkjørsle frå offentleg veg er fastsett av vegdirektoratet i Veglova med tilhøyrande regelverk. Krav til frisikt i avkjørsler er også gitt i løyve til avkjørsle frå offentleg veg.

### Reguleringsplan:

I reguleringsplan er det lagt inn ei byggegrense mot veg. Byggegrensa har som føremål å ta vare på dei krava ein må ha til vegsystemet og til trafikken langs denne. I reguleringsføresetnign § 5.2 Frisiktsoner er det fastsett at ved kryss og avkjørsler skal det i området mellom frisiktlinja og tilstøytande veger (frisiktsonene)



vera fri sikt i 0,5 meter høgde. Frisiktsone for kommunalt vegkryss er vist i reguleringsplan for Storneset aust.

Infomasjon om trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside:

<https://www.lindas.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/hekk-og-trafikktryggleik/>

**Førehandsvarsel:**

Lindås kommune anser dette brev som førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av vegetasjon langs kommunal veg. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Atle Dingen  
Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anne Lise Nævdal Hauge  
Nils Ove Hauge

Storneset 20  
Storneset 20

5915  
5915

HJELMÅS  
HJELMÅS